

Årsmelding

Vanylven Sokneråd og kyrkjelege fellesråd

Vanylven, Åram, Rovde og Syvde Sokn

2024



Rovde kyrkje



Syvde kyrkje



Åram kyrkje



Vanylven kyrkje

Vanylven kyrkjelege fellesråd er eit felles organ for sokna, og eit kyrkjeleg organ forplikta på føremålsparagrafen ein finn som §1 og §28 i kyrkjelova.

I kyrkjeleg fellesråd sit det representantar frå sokneutvala i tillegg til ein prest og ein representant oppnemnd av kommunen. Kyrkjelova slår fast at der er oppgåver sokna skal samarbeide om gjennom dette felles organet. Kyrkjeleg fellesråd har sin eigen «hovedparagraf» i kyrkjelova (KL §14) som seier kva som er føremålet med rådet, og kva oppgåver det har.

Fellesrådet:

Sørgjer for rammevilkåra for sokna i kommunen.

- Vedtek mål og planar for den kyrkjelege verksemda i kommunen og forvaltar statlege og kommunale tilskot og styrer planprosessar.
- Forvaltar kyrkjer og gravplassar.
- Ivaretek sokna sine interesser overfor kommunen.
- Samarbeidsorgan for sokna.

Samansetting av fellesrådet 2024:

Leiar: Øyvind Harald Bakke

Nestleiar: Aud Bodil Løvoll fram til juli 2024. Alf Inge Kvamme fungerte etter dette ut året til nyval.

Syvde: Ingunn Elisabeth Kolgrov Strand, Aud Bodil Løvoll.

Vara: Ann Elin Røys, Lillian Skingen Sætre, Tore Andre Eikrem

Vanylven: Janne Helgøy Jonasmo (perm), Øyvind Harald Bakke, May-Britt Bøstrand Svastuen

Vara: Brynjar Hatlegjerde, Njål Sivertstøl (perm)

Rovde: Lena Cathrin Nordal Vedeld, Else-Marie Årskog

Vara: Sunniva Leknesund Myrseth, Hildegunn Knardal

Åram: Alf Inge Kvamme, Tonje Ramse Trædal

Vara: Venke Terese Molvik, Frank Roger Årsheim, Lisbet Halle

Kommunal representant: Lena Landsverk Sande, vara: Paul Sindre Vedeld

Geistleg representant: Johnny Leikvoll Drabløs, Vara: Anton Heggvik

Administrasjon: Rønnaug Bjørlykke.

Innvilga permisjonar i 2024:

Tore Andre Eikrem

Njål Sivertstøl

Janne Helgøy Jonasmo

Fritak Anette Sætre

Fritak/flytta Aud Bodil Løvoll

Forhandlingsutval:

Leiar: Øyvind Harald Bakke

Medlemer: Lena Cathrin Nordal Vedeld, Rønnaug Bjørlykke

Vara: Alf Inge Kvamme

Administrasjonsutval/ partsamansett utval:

Leiar: Øyvind Harald Bakke

Medlemer: Lena Cathrin Nordal Vedeld, Rønnaug Bjørlykke

Vara: Alf Inge Kvamme

Arbeidsutvalet:

Rovde: Else- Marie Årskog

Vanylven: May-Britt Bøstrand Svastuen

Åram: Alf Inge Kvamme

Syvde: Aud Bodil Løvoll, til sumaren 2024.

Soknerådet:

Hovudansvar og mandat: Tale kyrkjelydane si sak med omsyn til innhaldet i kyrkja sitt arbeid, t.d. gudstenesteliv, trus-opplæring, kyrkjemusikk og diakoni. Forvalte egne resursar innanfor desse områda og vedta planar for dei ulike aktivitetane.

Vi har i inneverande periode vore med i ei prøveordning med felles sokneråd for heile fellesrådsområdet. Dette vil i praksis seie at Vanylven sokneråd har same medlemer som Vanylven kyrkjelege fellesråd, med unntak av repr frå kommunen som er medlemer berre i fellesråd. Faste medlemer og vara i kvart sokn utgjer sokneutvalet. Dette er eit organ som arbeider i kvart sokn, har ikkje vedtakande makt- men spelar inn saker til felles sokneråd. Det vart vedteke at denne ordning vart fast etter kyrkjevalet 2023. Sakshandsamar i Vanylven sokneråd er pr no kyrkjelyds-sekretær Yngve Lillebø

VKF og Vanylven sokneråd hadde i 2024 5 møter, VKF handsama 32 saker Vanylven sokneråd 28 saker.

Tilsette: 2024

Stillingar som er delte vil ikkje til ei kvar tid vere fordelte i fast prosent

Timeskrivande vil og vere regulert av aktivitet i kyrkjene

Kyrkjevevjerje:	Rønnaug Bjørlykke	100%
Organist:	Robert Clark	75%
Kyrkjelydssekretær:	Yngve Lillebø	50%
Trusopplæringsmedarbeidar	Yngve Lillebø	30%
	Marietta Pal	20%
Kyrkjetenar:	Lars Sylte (Alle kyrkjene)	50 %
	Yngve Lillebø (alle kyrkjene)	20%
Reinhaldar:	Suling Mo (Rovde kyrkje) Lars Sylte (kontor og rest kyrkjer.) Inngår i kyrkjetenar stilling	Etter timeliste
Prestar: Gjeld 2024 Teoretisk fordeling, praksis fordeling mellom dei to og prest i Sande	Johnny Leikvoll Drabløs Anton Heggvik	100% 70% Vanylven 30% Sande
Klokkarar	Vanylven Liv Petra Fluvåg Anita Bentsen Ruth Glæstad Syvde Magni Petra Eikrem Kjellaug Jakobsen Vik Edvin Skår Åram Astrid Brandal Brit Irene Kvamme Rovde Alvhild Ljoså	
	Desse slutta i klokkartenesta i løpet av 2024 Ruth Glæstad (Vanylven) Alvhild Ljoså (Rovde) Edvin Skår (Syvde) Desse har alle hatt særst long og tru teneste i kyrkja vår i fleire funksjonar og vi takkar dei for arbeidet dei har lagt ned.	
Frivillige i trusopplæring Dette er dei som har faste oppgåver i trusopplæringa.	Sølvi Marie Gjerde (fyrsteklasses) Karin Helgøy (fyrsteklasses) Magni Petra Eikrem (fyrsteklasses) Kjellaug Jakobsen Vik (fyrsteklasses) Brit Irene Kvamme (Babysong)	

Personalutvikling/ stabsutvikling:

- Ein gong i veka er det stabsmøte på kyrkjekontoret. Dette er eit praktisk møte der vi evaluerer aktivitetar vi har gjennomført, og planlegg komande aktivitetar.

Vanylven kyrkjelege fellesråd driv ei verksemd som på ulike måtar har alle dei ca 3000 innbyggjarane som målgruppe. Vi har fem kyrkjer som har vore i bruk til kyrkjelege handlingar som gudsteneste, dåp, konfirmasjon, viglsar, gravferd og trusopplæringsaktivitetar som kyrkjelyden, biskopen og sokneråda har ønskje om. Soknerådet har og eigne arr der kyrkjene vert brukte til andre kulturelle føremål. Typiske kan vere konsertar, der eksterne aktørar kjem inn og soknerådet står som arrangør.

Likestilling:

Ved Vanylven kyrkjekontor/i kyrkjene arbeidde det i 2024, tre kvinner (37.5%) og fem menn (62.5%). Då er prestane rekna med sidan det er her dei har arbeidsstaden sin.

Medrekna stillingsprosentar: totalt ca 535% stilling inkl estimert prosent på timeskrivande

Kvinner : 26%

Menn : 74%

Statistikk (Utfyllande statistikk innsendt SSB er tilgjengeleg på kyrkjekontoret)

	2020	2021	2022	2023	2024
Gudstenester totalt i sokna	60	72	75	66	62
Deltakarar ved gudstenestene	2318	2408	3712	4474	3437
Døypete totalt	24	27	26	27	25
Vigsel	2	3	6	6	6
Forbøn for borgarleg ekteskap (Ny 2024)					1
Konfirmerte	26	18	19	28	22
Gravferd (kyrkjeleg)	43	41	48	46	43
Konsertar/ kulturarrangement i eigen regi	11	17	4	2	2
Konsertar/ kulturarrangement i andre sin regi	0	0	6	5	4

Takkeoffer, kontant og Vipps

Takkeoffer innsamla 2024 totalt alle sokn. 108401,-

Av total til eiga verksemd/kyrkjelydsarbeid 25846,- (inkl givarteneste)

Av total til misjonsprosjekt 13536,-

Givartenesta 4600,-

Der er minimale endringar i givargleda frå år til år, denne er stabilt god.

Gudstenestelivet

Gudstenesta er vårt kristne fellesskap, der vi samlar oss kring trua på Gud og Jesu Kristi oppstode – på tvers av alder, kunnskap og posisjon. Her kan vi alle kome som vi er, og ta imot av det Gud vil gje oss.

Lokalsamfunnet vårt er mangfaldig. Dette mangfaldet kan vi også sjå gjennom gudstenestene våre, som har ulike former og uttrykk. Nokre er spesielt retta mot born, og nokre er retta mot ungdom eller vaksne.

Til saman går om lag 10000 personar over kyrkjedørstokken årleg. Dette talet tek utgangspunkt i kor mange personar som har vore på besøk i kyrkjene våre. Dette fortel at mange er innom kyrkja i løpet av året, og at arbeidet i kyrkja femner vidt.

Prestane

Arbeidet som sokneprest er mangfaldig. Forutan dei kyrkjelege handlingane, gudstenester, dåp, vigsel og gravferder har dei til dømes andakter på alders- og sjukeheimar, ulike samtalar, deltaking i krise- og omsorgsgruppe, deltaking i råd og utval, deltaking i trusopplæring, forkynning/ andakter i ulike samanhenger. Vi har eit visst samarbeid med Sande på prestesida. Vi har til saman 300% stilling fordelt på 170 i Vanylven og 130 i Sande. Dette medfører at prestane av praktiske årsaker deler dette mellom seg med m.a. vaktveker på gravferd. Då har ein prest vakt i baa fellesrådsområda, og tek gravferder og sørgesamtaler. Dette har fungert godt, men i veker med mykje gravferder i baa kommunene har ein av prestane på «frivakt» måtte steppe inn. Elles so har «våre» prestar noko gudstenester i Sande for å få timane til å gå opp. Det var mot slutten av 2024 starta ein prosess i bispedøme/prosti der ein kan vente at presteresursane i 2025 vert noko endra. Dette vil truleg medføre ei nedskjæring av resursane i Vanylven og Sande, men hadde ingen konsekvensar i 2024.

Konfirmantarbeid: Vi har tradisjonelt hatt høg deltaking prosentvis i DNK sitt konfirmantarbeid i sokna våre. Dette er sjølvsagt noko vi er glade for og jobbar for å halde stabilt. I 2024/25 var vi mellom anna på konfirmantleir på Kjeldsund ilag med Sande, konfirmantfestival på Nordfjordeid og ei samling utanom ilag med konfirmantane i Sande. Sjølv om vi samarbeider noko med Sande, er konfirmantarbeidet i baa områder sjølvstendige. Vi har eigne opplegg som vi styre sjølve med samlingar gjennom året, men samarbeider om einskilde prosjekt, typ leir og store felles-samlingar.

Fasteaksjonen 2024



Vi hadde i 2024 og ein klassisk dør til dør aksjon med konfirmantane våre i samarbeid med sokneutvala der dei samla inn 41696 kr inkludert Vipps. Der er store variasjonar i sokna, men innsamla pr konfirmant er ganske likt i snitt.

Vi har seinare åra hatt fokus på at konfirmantane skal ha eigarskap til fasteaksjonen og difor teke med lite resursar frå kyrkjelydane elles. Dør til dør har vist seg å vere den mest effektive måten å samle inn på, men andre løysingar er vurderte. Dette avheng av storleik på konf kull og i somme sokn ville det kanskje vere meir effektivt med ei løysing der folket kom til innsamlinga i staden for at ein konfirmant skal dekke heile bygda- for å setje det på spissen.

Trusopplæring (fullstendig årsrapport 2024 er tilgjengelig på kyrjekontoret)

Målsetjinga for trusopplæringa var i 2024 at alle døypte i alderen 0- 18 år skal få tilbod om opplæring. Vi ynskjer å gje born og unge ei innføring i kristen tru og liv. Målsetjinga lokalt er at dette tilbodet skal vere så attraktivt at fleire enn før vel å ta imot tilbodet som er eit omfattande og førebyggjande arbeid i trygge og rusfrie miljø. Vi fekk og i 2024 stort sett gjennomført det som var planlagt, men kunne tenkt oss å gjere endå meir utav somme av tiltaka. Mykje av arbeidet er utført av ivrige frivillige, vi er takksame for at der er aktive medlemmer i kyrkjelydane. Dette er svært ynskeleg og for framtida, då det er med på å knyte band mellom lokalsamfunn og kyrkje.

Vi hadde i 2024 for fyrste gong med sitjande stab tårnagent. Dette er av dei nasjonale tiltaka, men vi har ikkje fått gjennomført tidlegare mellom anna grunna kapasitet og innkøyring. Vi hadde i år ein «light versjon» på ein dag- dette gav meirsmak og vi forsøker på same vis i 2025, so utvider vi heller til tårnagenthelg seinare om vi ser behovet.

Ei feilvurdering vi gjorde i 2024 var plasseringa av Lys Våken i adventshelga, som tidlegare. Dette har i kommunen blitt ei svært hektisk helg og vi fekk ikkje nok påmelding til at vi fann det tenleg å gjennomføre. Dette har vore ein av hjørnesteinane våre for 11 åringane og svært godt besøkt- vi vil difor finne ei anna helg i 2025. Dette er ein nasjonal aktivitet vi må få til å fungere.

Vi ser og meir og meir verdien av dei kontinuerlege tiltaka som kontaktpunkt til heimane. Vi har tidlegare kun hatt høve til å rapportere på einskildtiltak, men dette er no endra og ein kan rapportere og på godkjende kontinuerlege aktivitetar.

«Vi hadde pr 2024 aktivitetane, Babysong, Kveldssong for dei små og endeleg frå haust 2024, Fyrsteklasses ved alle dei tre skulane i kommunen.

Vi har og ambisjonar om å finne ei form for kontinuerleg aktivitet for «tweens» på godt nynorsk, då dette er ei gruppe vi har hatt litt utfordringar med å nå. Tenkjer då ein frekvens omlag som babysong og kveldssong, men med tilpassa frå mellomtrinn til ungdomsskule. Dette er framleis i planfasen og vil tidlegast kunne setjast i sving for fullt i 2026, men ambisjonar om testperiode haust 2025.

I 2024 hadde vi og i samarbeid med Vanylven frivilligsentral og Eidså grendelag juleverkstad i julemessa til grendelaget. Vi forsøkte her å plassere inn andre aktivitetar som td forteljarstund og kino med kirkerottene. Vi vurderer her framleis forma, vert med på juleverkstad vidare men må finne **ein** eigna aktivitet å ha ved sidan av. Med litt fagleg innhald får vi denne juleverkstaden inn i vår lokale trusopplæringsplan.



HimalPartner

Misjonsprosjekt

Alle sokna har inngått avtale med Himalpartner som felles misjonsprosjekt. Dette kom endeleg i hamn 16-09-21 og vart gjeldande frå oktober 2021 til oktober 2025. Det var originalt tanken at vi skulle ha eit eige prosjekt/prosjektområde innanfor Himalpartner som driv med mellom anna industriutvikling i Nepal og tibetanske delar av Kina, men den underteikna avtalen er til Himalpartner sentralt og so styrer dei sjølve pengane dit det trengst mest.

Utdrag frå avtalen, våre plikter:

- 10 offer totalt i året, fordelt på alle sokn, i 2024 vart det innsamla totalt: 13536,- på 8 offer.
- Knyte Himalpartner sitt arbeid opp mot kyrkjelydsarbeid, trusopplæring og konfirmantarbeid gjennom informasjon.
- Halde kontakten med Himalpartner og gjere informasjon frå dei tilgjengeleg for kyrkjelydane. Dømer kan vere bønneemner, generell informasjon og deltaking frå Himalpartner i gudsteneste.
- Kontaktperson for kyrkja i vanylven er sekretær på kyrkjekontoret, pr.dags dato Yngve Lillebø.

Himalpartner sine plikter:

- Delta på våre arrangement, gitt rimeleg frist og varsel.
- Invitere oss på sine arrangement.
- Gi informasjon som trengst
- Legge til rette for besøksreise/ kyrkjelydstur
- Kontaktperson i Noreg er Line Konstali, sekretær kyrkjekontoret har oppretta kontakt.

Vi hadde besøk frå Himalpartner som hadde stand på kosterikjedagane 2024.

Dugnad

Det er heile tida mykje dugnadsarbeid som vert utført av sokneutvala, diverre kjem ikkje alt dette fram i rapportane då det er gjort litt «longs med». Der er mellom anna dugnader i høve konfirmasjon om nasjonaldag for å gjere kyrkjene ekstra presentable.

- **Kyrkjemusikalsk arbeid**

Kultur med kunst og musikk har til alle tider gitt form til kyrkja sin bodskap og gjerne formidla det som ord ikkje har makta å forklare eller uttrykkje. Vi er svært takksame for alle dei som tek del i og beriker dei kyrkjelege handlingane med song og musikk gjennom heile året.

Vi fekk tilsett ny kyrkjemusikar i September 2023, so planen for det kyrkjemusikalske arbeidet var i dette året naturleg nok ikkje heilt på plass. Det har absolutt vist seg at vår nye organist Robert Clark er ein god kapasitet å ha med seg. Han vidarefører det gode kyrkjemusikalske arbeidet vi har tradisjon for i kommunen, samstundes som han tek inn nye idear. Mi har eit eige musikk og liturgiutval i soknerådet og difor ei god kopling mellom kyrkjemusikar og folkevalde/sokna.

- **Liturgi**

Liturgien har ein no er justert med omsyn til noverande stab (prestar og organist) og biskopen er informert om dette.

Det er sjekka opp med biskopen sitt kontor og funne at dei endringane som er gjort av vedteken liturgi er å rekne som ei justering og ikkje treng vidare handsaming.

- **Diakoni**

Kyrkja i Vanylven har ikkje tilsett diakon og får heller difor ikkje midlar til dette.

Det har i inneverande soknerådsperiode vore ytra ynskje om at vi ser på dette og kva vi kan gjere for å få opp ein plan som kan fungere med dei resursane vi har tilgjengeleg. Om vi skal utvide verksemda må vi søkje resursar for å gjennomføre dette. Noko arbeid som nok kunne vore lagt under ein slik plan vert allereie utført på andre budsjett som ein naturleg del av kyrkja si verksemd.

Det er ikkje gjort endringar i høve diakoni i 2024. For framtida er det signalisert ei meir flytande grense mellom trusopplæring og diakoni. Dette medfører mellom anna at plan for kyrkjeleg undervisning og læring vil gå frå "0-99" år.

Kyrkjene

Kyrkjebygga skal framstå som ei verdig ramme kring kyrkjelege handlingar og annan aktivitet som kjem inn under kyrkja si verksemd. Byggmassen består av fem gamle og store hus, og vi har ikkje eigne resursar til å drive større vedlikehald. Der er og reglar for korleis ein kan utføre også mindre reperasjonar som ville vere ei enkel sak i eit nytt bygg. Før prosjekta kan settast ut i livet er det ein lang prosess: det skal nøye planleggast, tilbodsrunde, gjere vedtak, få prosjektet godkjent hos bispedømerådet/ riksantikvaren, så kan arbeidet starte. Difor er noko av det som står under arbeid ikkje like synleg, men prosessen er i gang.

Gravplassane:

Gravplassane vert drifta av kommunen etter avtale om tenesteyting, der tenestene vert levert i staden for kontantløyving.

Med 6 gravplassar er det tungvint og mykje ekstraarbeid med flytting av utstyr og personell i hektiske periodar. Gravfelta og grunnforholda er svært varierende og det krev god kunnskap og nøyaktigheit for å gjennomføre oppgåvene på ein verdig måte. Det er eit krav om at det skal vere tilgjengelege ledige graver i kommunen, tilsvarande 3% av befolkninga i den einskilde kommune.

Kapasitet:

Det er Åram, Syvde og Rovde som har forholdsvis flest ledige graver. Det er meir utfordrande med omsyn til kapasitet i sørenden av kommunen, men der er sett av midlar til utbetring. VKF forvaltar eksisterande gravstader, men den politiske avgjerda og praktisk utbetring ligg på kommunen.

Urnelund:

Det er behov for urnelundar i kommunen då stadig fleire vert kremerte. VKF jobbar vidare med dette. I ein urnelund er det ikkje tenkt einskilde graver, men ein sams lund for å setje ned fleire urner og so samse minnesteinar for dei som er sette ned.

Økonomi/ rekneskap

Rekneskap er noko forseinka frå underleverandør.

Denne vert framlagt so godt mogleg i møte.

Sluttord

Vi er ei kyrkje for folket, ein del av lokalsamfunnet i kommunen og ein viktig aktør i å gjere kommunen vår til ein god stad å bu og vekse opp i. Difor er samarbeidet med andre aktørar og kommunen viktig, slik at vi kan løfte saman og gjere kvarandre gode.

Vi vil vere ei kyrkje for alle. Alle skal kunne kjenne seg heime og velkomne, og der skal vere takhøgde for å vere usamde i sak men saman som kyrkjelyd.

Vi har mange trufaste kyrkjegjengarar i kyrkjelydane våre som vi er veldig glade for, men vi ynskjer å nå ut til endå fleire. I tida framover vil vi forsøkje litt nye ting for å nå ut til dei som ikkje er so ofte i kyrkja, men ynskjer framleis å framstå som kjende for dei som allereie er aktive.

Somme tider føre dette til kompromissar som ikkje høver for alle, men helst vil vi bringe saman alle til å vere ilag uavhengig av alder og bakgrunn.

Fiskå Dato 10-10-25

Rønnaug Bjørlykke

Kyrkjeverje

Yngve Lillebø

Sekretær